

## Innkalling til rådsmøte i Ryfylkerådet

Tid: Torsdag 25.01.2024, kl. 09.00 – 12.00

Stad: Ryfylke IKS, Ryfylkevegen 7040, 4130 Hjelmeland

### Innkallinga går til:

Kenny Rettore, ordførar i Sandnes  
Bodil Sivertsen, kommunedirektør i Sandnes  
Janne Johnsen, kommunedirektør i Hjelmeland  
Håvard Handeland, ordførar i Sauda  
Vegard Thise , kommunedirektør i Sauda  
Mads Drange, ordførar i Suldal  
Karin Dokken Austvik, kommunedirektør i Suldal  
Bjørg Tryland, fung. ordførar i Strand  
Heidi Klaveness, kommunedirektør i Strand

### Kopi til:

Kristoffer Amdal, styreleiar i Ryfylke IKS  
Reidun Sandvik, konst. leiar i Ryfylke IKS

### Saksliste

- |           |   |
|-----------|---|
| Sak 01/24 | Godkjenning av innkalling og saksliste        |
| Sak 02/24 | Godkjenning av møtebok                        |
| Sak 03/24 | Orientering om New Kaupang                    |
| Sak 04/24 | Utdanningssenter i Ryfylke                    |
| Sak 05/24 | Attraktivitetsprosjektet «Attraktive Ryfylke» |
| Sak 06/24 | Orienteringssaker                             |
| Sak 07/24 | Møteplan for 2024                             |
| Sak 08/24 | Eventuelt                                     |

Hjelmeland, 18.01.2024

Anita Husøy Riskedal  
fung. rådsleiar i Ryfylkerådet

Kristoffer Amdal  
styreleiar i Ryfylke IKS

## **Sak 01/24 Godkjenning av innkalling og saksliste**

### **Framlegg til vedtak**

Rådet godkjenner innkalling og saksliste.

## **Sak 02/24 Godkjenning av møtebok**

Møtebok frå møtet 05.12.23 ligg ved innkallinga.

### **Framlegg til vedtak**

Rådet godkjenner møtebok frå møte 05.12.23.

## **Sak 03/24 Orientering om New Kaupang**

Ketil Barkved frå New Kaupang vil i starten av møtet gi ei oppdatering av status i selskapet.

### **Framlegg til vedtak**

Saka blir tatt til orientering

## **Sak 04/24 Utdanningssenter i Ryfylke**

Vedlegg: Saksframlegg frå møte i Fylkestinget 12.12.2023

I saka om utdanningssenter, som var oppe på dei to førre rådsmøta (sak 30/23 og sak 41/23), har det sidan sist blitt fatta eit vedtak i Fylkestinget 12.12.23 (sak140/2023):

1. *Fylkestinget tar sak om etablering av utdanningssenter i Ryfylke til orientering, og ber om en ny sak 1. halvår 2024 med endelig forslag til organisering.*
2. *Fylkestinget mener at en forutsetning for etablering av utdanningssenter er at dette skjer i felles eierskap mellom fylkeskommunen og kommunene.*
3. *Fylkestinget ønsker å etablere et kompetanseforum i Ryfylke med lokal representasjon som speiler sammensetningen i Kompetanseforum Rogaland. Forumet er en videreføring av MOR-rådet.*

Ryfylke IKS, ved styreleiar og konst. dagleg leiar har 18.01. vore i møte med fylkeskommunen for å planlegge den vidare prosessen knytt til etablering av eit utdanningssenter i Ryfylke.

Problemstillingane er i hovudtrekk desse:

- Eigarskap: Ein føresetnad frå fylkeskommunen si side er at eit felles eigarskap mellom kommunane og fylkeskommunen må ligge til grunn for etablering og drift av utdanningssenteret.
- Organisasjonsform: Tilrådinga frå arbeidsgruppa er at utdanningssenteret blir organisert som eit AS. Fleire ulike organisasjonsformer er vurdert, og kommuneadvokaten til fylkeskommunen har vore konsultert. Fylkeskommunen er open for å vurdere andre organisasjonsformer.

Fylkesopplæringssjef Eiliv Fougner Jansen vil halde ei innleiing til saka, der han beskriv prosessen fram til no, mellom anna gjennom arbeids- og referansegruppa som vart sett ned - og tilrådingane som der har kome fram.

## **Framlegg til vedtak**

1. Utdanningssenteret i Ryfylke skal ha eit felles eigarskap mellom kommunane og fylkeskommunen.
2. I den vidare prosessen får Ryfylke IKS fullmakt til å avgjere selskapsform i samarbeid med fylkeskommunen.
3. Det blir lagt fram status og oppfølgingsplan for utdanningssenteret i Ryfylke på neste rådsmøte.

## Sak 05/24 Attraktivitetsprosjektet «Attraktive Ryfylke»

Vedlegg: Notat frå prosjektleiar

### Bakgrunn

I sak 34/22 var framlegg om å starte prosjektet «Attraktive Ryfylke» oppe til behandling i Ryfylkerådet og det vart gjort slikt vedtak:

- 1     *«Ryfylkerådet sluttar seg til prosjektskissa for bustadattraktivitet i Ryfylke og ber administrasjonen arbeida vidare med sikte på organisering og finansiering.»*
- 2     *«Kommunane blir bedne om å peika ut ein person som kan bli ein del av prosjektarbeidet for å sikre god koordinering i og på tvers av kommunane.»*

Etter anbodskonkurranse blei det inngått avtale med Torfinn Opheim om å leie prosjektet.

Det blei søkt om finansiering av prosjektet i tråd med prosjektskissa.

Ryfylcefondet vedtok å løyve kr. 900.000 til tiltaket.

Rogaland Fylkeskommune, ved Regional-, kultur- og næringsutvalet (RKNU), vedtok tildeling av støtte til prosjektet med kr. 200.000.

Statsforvaltaren i Rogaland gav støtte til prosjektet med kr. 500.000. Søknaden blei send av Hjelmeland kommune på vegne av prosjektet.

Kommunane peika ut til saman fire personar til ressursgruppa.

I tråd med prosjektskissa blei det oppretta kontakt med Nordic Edge, som seinare blei med i ressursgruppa. Det blei også knytt nært kontakt med Rogaland fylkeskommune og Heidi Skifjell. Dette resulterte i at Fylkeskommunen ønskte at prosjektet skulle implementere Rogalandsmodellen og at Heidi Skifjell blei med i ressursgruppa.

I arbeidsgruppa blei det anbefalt å arbeid etter «Rogalandsmodellen». Etter drøftingar i arbeidsgruppa blei ein kurs staka ut for prosjektet; *mobilitet i Ryfylke*.

Etter dette bestemte Ryfylkerådet at kommunane ikkje lenger skulle delta med ressurspersonar, og vedtok i sak 32/23 tilslutning til å opprette ei styringsgruppe i prosjektet.

For at prosjektet skulle ha ein lokal forankring i arbeidet, blei Odd Aksland og Anne Bratthammer spurt om å vere med i prosjektet som ressurspersonar. Odd Aksland fordi han har brei og god bakgrunn frå mobilitetsbransjen og sterkt lokal forankring gjennom sitt opphav. Anne Bratthammer for sitt engasjement for Ryfylke gjennom arbeid i ungdomsrelaterte prosjekt. Begge takka ja.

I november blei det inngått avtale med Nordic Edge om vidare samarbeid i prosjektet.

Prosjektgruppa består nå av;

- Prosjektleiar
- Rogaland Fylkeskommune med Heidi Skifjell
- Nordic Edge med Bjarne Uldal og Steinar Meling

- Odd Aksland
- Anne Bratthammer

Det blei søkt Statsforvalteren om prosjektmidlar for 2024 (via Hjelmeland kommune). Det blei ikkje tildelt midler i 2024.

I tråd med både prosjektkissa og arbeidsgruppa sine anbefalinger har det blitt starta eit arbeid med kartlegging av eksisterande tilbod og eksisterande/pågåande arbeid som er relevant for prosjektet.

Torfinn Opheim som fram til nå har vore prosjektleiar for attraktivetsprosjektet har meldt frå at han ikkje ønskjer å halde fram med arbeidet, og Ryfylkerådet må ta stilling til den vidare drifta av «Attraktive Ryfylke».

#### *Vurdering*

Å arbeide for å auka attraktivitet i regionen er ei målsetjing for Ryfylke IKS, og blir óg løfta fram i den regionale analysen frå Telemarksforsking, samt i kommunale og fylkeskommunale planverk. Å gjera Ryfylke til ein meir attraktiv region er eit stort tema som røre ved dei fleste områda i samfunnet. Dette var óg grunnen til at arbeidsgruppa til «Attraktive Ryfylke» tidleg i prosjektfasen peika ut ein kurs for prosjektet, og bestemte kva tema ein skulle ta fatt i. Valet falt på mobilitet.

Nå når prosjektleiaren går ut av prosjektet har ein ulike val for fortsettinga:

- Prosjektet held fram og arbeidet med å finne ny prosjektleiar startar
- Prosjektet held fram, men kurset/målsettinga/mandatet for prosjektet blir justert
- Prosjektet blir avslutta

Saka blir lagt fram utan framlegg til vedtak.

## **Sak 06/24 Orienteringssaker**

### MOR-konferansen 2024

I sak 39/23 vart dette vedtaket gjort:

1. *Ryfylkerådet sluttar seg til saksframstillinga og går inn for å arrangera MOR-konferansen på Sand 29. og 30. august 2024.*
2. *I tillegg til Rogaland fylkeskommune og Næringsforeningen i Stavangerregionen (ressursgruppa for Ryfylke), blir Reisemål Ryfylke og Næringshagen i Ryfylke invitert med som medarrangørar.*
3. *Ryfylkerådet søker Ryfylkefondet om 400 000 kroner til delfinansiering av konferansen.*

Det har i ettertid vist seg at tidspunktet for konferansen fell saman med LVK sitt landsmøte, - eit møte der fleire av kommunane tek del. Det er ønskeleg å leggje til rette for at leiinga i kommunane kan delta på konferansen, og MOR-konferansen blir dermed flytta ei veke fram til 05.-06. september 2024.

### Ryfylketing 2024

Det blir lagt opp til eit Ryfylketing etter mal frå arrangementet som var på Sand 10. og 11. november 2023. Altså eit to dagars møte for formannskapa i eigarkommunane. 14. og 15. november er dagar som kan høve, da er det ikkje formannskaps- eller kommunestyremøte. Tidspunktet blir evt. vedteke i sak 07/24 – Møteplan for 2024.

### Ny selskapsavtale for Ryfylke IKS

Orientering frå kommunedirektørane i møte.

### Sommarjobben.no

Sommarjobben.no vart lansert 20.desember 2023.

**Nettsida har i dag desse funksjonane:**

1. Ungdom og studentar kan finna sommarjobb i Ryfylke

2. Ungdom kan melda si interesse for sommarjobb
3. Arbeidsgivarar kan finna kandidatar
4. Informasjon om arbeidsmarknaden i Ryfylke

Etter lansering har ca. 40 studentar og ca. 60 elevar meldt si interesse for sommarjobb i Ryfylke. Det har blitt prioritert og offentleggjera liste over studentkandidatar.

#### **Studentane som har meldt interesse har utdanning innan:**

Ingeniør, lærar, lektor, økonomi og administrasjon, trening og helse, kybernetikk og robotikk, serviceledelse, Industrial Asset Management, arkeologi, samfunnsutvikling, samfunnsvitskap, by-og regionsplanlegging, fiskeri- og havbruksvitskap, rettsvitskap, HR, elkraftteknikk, industriell kjemi og bioteknologi, fysioterapi, maskiningeniør, sosionom, organisasjonspsykologi og leiing.

#### **Kva har skjedd i januar?**

Ryfylke IKS har fått 1 500 000 kroner i prosjektmidlar frå Sparebanken Vest/Agenda Vestland. Desse midlane skal bidra til å vidareutvikle sommarjobben.no og til å arrangera eit årleg karrieretreff der ungdom/studentar og arbeidsgivarar i Ryfylke kan bli kjent med kvarandre. Etter inspirasjon frå Nordfjordakademiet sitt årlege treff i Nordfjord. Eit slikt treff er planlagt påsken 2025. Det må leggast ein plan for gjennomføring av treffet.

Den 3. januar 2024 hadde sommarjobben.no stand under Karrieredagen 2024, i regi av Næringsforeningen i Stavangerregionen. Det er viktig at Ryfylke er representert på slike arenaer for å vera synleg for studentane i Rogaland.

Etter innspel frå ungdom har me inkludert traineestillingar på sommarjobben.no. Me vil også sjå på moglegheita til å inkludera fagarbeidarar, etter innspel frå aktørar i regionen.

Dei jobbane som er publisert i januar er innan reiseliv, helse, HR, kultur, industri og anlegg. Den 16. januar 2024 ligg det 23 utlysingar (478 stillingar) frå: Forsand (3), Hjelmeland (1), Sauda (1), Strand (15), Suldal (3).

#### **Kommunane**

Alle kommunane i Ryfylke har fått informasjon om tilbodet og sommarjobbar frå Strand, Hjelmeland og Sauda kommune er allereie publisert. Det er etablert kontakt med prosjektleiar i Kongesommar for å kopla på småjobbsentralen i Forsand (Sandnes kommune). Det er også ønskeleg å få med Finnøy og Rennesøy i Stavanger kommune og det blir jobba med å etablere samarbeid der.

#### **Skulane**

Det er oppretta kontakt med representantar frå dei vidaregåande skulane. Informasjon om tilbodet vil bli delt på nettverkssamling for rådgivarar og veiledarar i Ryfylke 25. januar 2024.

## Næringa

Aktørar slik som Reisemål Ryfylke, Næringsforeningen i Stavangerregionen, Ryfylkealliansen, Næringshagen i Suldal og Sauda vekst er samarbeidspartnarar og bidrar med å spreie informasjon om tilbodet til sitt kontaktnett.

## Det som blir viktig framover:

- Etablere samarbeidsavtaler
- Gjere tilbodet kjent for bedrifter
- Oppfordre bedrifter til å bruka løysinga
- Byggja opp kanalane – marknadsføring og innhald
- Vidareutvikle nettløysing og database

## Utstillinger

- Ryfylke IKS arbeider for å vera med på Emigration Expo i regi av Næringsforeningen i Stavangerregionen. Ei messe som finn stad i Nederland og som går på rekruttering av arbeidskraft.
- AquaNext går av stabelen den 11. - 13. juni 2024 i Stavanger, og er ein konferanse og utstilling. Arrangementet vil samle sentrale aktørar i akvakulturnæringen globalt og nasjonalt – i tillegg til andre næringar med sikte på større samspel. Me samarbeider her med Fagskulen i Rogaland og Høgskulen på Vestlandet om ein stand med vekt på samarbeidet om kompetanseløft for havbruksnæringa i Ryfylke.

## Studier

Fagskuletilbod som er under planlegging:

- Grønt mangesysleri og entreprenørskap starter opp i september/oktober 2024
- RAS (Resirkulerande akvasystem) – startar opp i januar 2025  
Begge er på 60 studiepoeng.

Rapportering over midlar frå Statsforvaltaren (sjukepleiarutdanning) er i progress.

Ingen nye studie utover dette er under planlegging.

## **Framlegg til vedtak**

Orienteringssakene blir tatt til vitande.

## **Sak 07/2024 Møteplan for 2024**

Forslag til møtedatoar for 2024:

Rådsmøte 1: Torsdag 25.01.

Rådsmøte 2: Tysdag 12.03. (alt. fredag 15.03.)

Rådsmøte 3: Onsdag 22. mai i samband med RyfylkeQuiz-finale på Tau

Rådsmøte 4: Fredag 18.10. (alt. tysdag 22.10.)

Rådsmøte 5: Fredag 06.12. (alt. tysdag 10.12.)

---

**Årsmøte (Teams?): 7. juni**

**MOR-konferanse: 05.-06. september**

**Ryfylketing: 14.-15. november**

## **Framlegg til vedtak**

Møteplan for 2024 blir vedteken.

## **Sak 08/23 Eventuelt**